



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Stad:	Herøy rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	21.03.2019
Tid:	16:00 – 20:15

Medlemer som møtte:

Svein Gjelseth	Medlem	AP
Jens Terje Johnsen	Medlem	AP
Olaug Andreassen	Medlem	AP
Runar Stave	Medlem	AP
Sofie Mere Arntsen	Medlem	AP
Leiv Aarflot	Medlem	AP
Gerd Kopperstad	Medlem	AP
Egil Kjell Leikanger	Medlem	AP
Camilla Storøy	Nestleder	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Edel Kvalsund Goksøyr	Medlem	KRF
Margaret Leinebø	Medlem	H
Stig Arne Helsem Sævik	Medlem	H
Bjørn Otterlei	Medlem	H
Idar Kjell Tarberg	Medlem	H
Sigurd Voldsund Nygard	Medlem	H
Marthe Vågsholm Sævik	Medlem	H
Stian Sævik Elveseter	Medlem	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Dag Kåre Nærø	Medlem	FRP
Bjarne Kvalsvik	Medlem	FOLK
Kjell Runde	Medlem	FOLK
Kaja Runde	Medlem	FOLK
Frank Roy Moltu	Medlem	FOLK

Forfall:

Per Kristian Furø	MEDL	AP
Rakel Anett Gjelseth	MEDL	AP
Linn-Therese Hansen Sævik	MEDL	KRF
Henry Jøsokbakke	MEDL	V
Arnulf Goksøyr	LEDER	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	MEDL	H
Janne-Katrin Hansen Sævik	MEDL	H
Hilde Marie Brungot	MEDL	H

Thor-Sigmund Garvik	MEDL	FRP
---------------------	------	-----

Varamedlemer som møte:

Jarle Digernes	Per Kristian Furø	AP
Birgitte Sævik Pedersen	Linn-Therese Hansen Sævik	KRF
Karl Petter Sortehaug	Henry Jøsokbakke	V
Oddmund Voldsund	Arnulf Goksøyr	H
Joakim Eiksund	Ann-Kathrin (Tine) Storøy	H
Andreas Leine	Janne-Katrin Hansen Sævik	H
Knut Johan Voldsund	Thor-Sigmund Garvik	FRP

Andre:

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad
Politisk sekretær Lisbeth Moltu Espeseth
Planleggar Erlend Sporstøl Vikestrand
Leiar utviklingsavdelinga Ole Magne Rotevatn
Eigedomsleiar Robert Myklebust

Møtet vart annonsert i Vestlandsnytt og sakliste vart sendt til medlemene og varamedlemene i kvar gruppe.

Det møtte 24 medlemer og 7 varamedlemer, tilsaman 31 representantar.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren/leiaren vart desse valde:
Kjell Runde og Olaug Andreassen

Varaordførar Camilla Storøy (Krf) leia møtet i ordførar Arnulf Goksøyr sitt fråvær.
Idar Tarberg (H) vart samrøystes vald til settevaraordførar.

Kaja Runde (Folk/Sp) fekk permisjon frå kl. 18:05, etter handsaming av K-sak 35/19.
Per Ola Kleppe (Folk/Sp) tok plass.
Edel Kvalsund Goksøyr (Krf) fekk permisjon frå kl. 18:05, etter handsaming av K-sak 35/19.
Marthe Vågsholm Sævik fekk permisjon frå kl. 19:00, etter handsaming av K-sak 36/19.

Orienteringar:

- Orientering om lokale til Politiet v/eigedomsavdelinga.

underskrifter

Kjell Runde

Camilla Storøy
varaordførar

Olaug Andreassen

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 29/19	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 30/19	Protokoll frå førre møte.
PS 31/19	Ordførarens kvarter
PS 32/19	Delegerte saker
PS 33/19	Referatsaker
PS 34/19	Retningsliner for framføring av meirforbruk og mindreforbruk.
PS 35/19	Kjøp av Bøvågen-, Kopperstad-, Runde-, Sandebukta- og Skorpa fiskerihamn
PS 36/19	Slutthandsaming: Reguleringsendring for Bergshaugen nord (gbnr 28/6)
PS 37/19	Detaljreguleringsplan for Nærøya - slutthandsaming
PS 38/19	Økonomisk avslutning av prosjekt 50017 - hurtigladar for elbil i Fosnavåg parkeringshus
PS 39/19	Økonomisk avslutning av prosjekt 18001 - Telenor basestasjon på Runde
PS 40/19	Grunnkjøp Stokksund bustadfelt
PS 41/19	Grunnkjøp Myrvåg
PS 42/19	Innkjøp av skulebøker og læremateriell
PS 43/19	BRUKARUNDERSØKING Barnevern 2018
PS 44/19	BRUKARUNDERSØKING - TENESTE FOR BUSTADSOSIAL OG RUS 2018

Delegerte saker frå avdelingane

DS 57/19	A. Sævik as - 34/477 - Bruksendring
DS 58/19	Ferdigattest - 26/233
DS 59/19	Ferdigattest 30/84 - Bergslibakken nr 7 og 9
DS 60/19	Gnr. 26/235: Søknad om ferdigattest
DS 61/19	Ferdigattest - 26/235 -Einebustad
DS 62/19	Ferdigattes - 60/152 - skorsteinrehabilitering
DS 63/19	Gerd Karin Holen - 12/38 - Frådeling av 2 nausttomter
DS 64/19	Ferdigattest - 26/231-Einebustad
DS 65/19	Ferdigattest piperehabilitering 48/86
DS 66/19	Tor Ivar Myklebust - 15/59 - Skorsteinrehabilitering
DS 67/19	Alf Sigmund Hjelmeseth - 29/32 - Bruksendring
DS 68/19	Harry Monrad Muren - 16/10 - Frådeling
DS 69/19	Olav Matias Arntsen - 9/117 - Fylling i sjø
DS 70/19	Ferdigattest - 30/83 - Bergslibakken nr 3 og 5
DS 71/19	Johan Ole Abeltun - 58/50 - Endring av innvendig takhøgde garasjebygg
DS 72/19	Søknad om ferdigattest
DS 73/19	Bjørnar Leine Kvalsund - 25/98 - Biogass-peis
DS 74/19	Ferdigattest - garasjebygg 58/50
DS 75/19	Jan Rune Dalsøren - 54/87 - Naust
DS 76/19	Knut Ove Aspevik - 50/4 - frådeling 3 fritidstomter
DS 77/19	Herøy kommune - 34/568 m fl - Parkeringsplass med tilhørande anlegg
DS 78/19	Kåre Leif Jensholm - 42/1 - Endring av gitt løyve
DS 79/19	mellombels bruksløyve - 42/1 - Naustrekke BKB2
DS 80/19	Huldaal barnehage SA - 34/365,508 og 544 - Bruksendring
DS 81/19	Halvard Astor Leine 25/10 Deling grunneigedom - Løyve til tiltak
DS 82/19	Frank Rogne og Kjell Ove Rogne 24/95 løyve til tiltak - planering av tomt
DS 83/19	Per Myrvågnes 47/4 Tiltak kai - løyve til tiltak
DS 84/19	Søknad om tiltak
DS 85/19	Norhus Ørsta AS 23/48 Rammeløyve byggetrinn 1
DS 86/19	Robin Remøy Flusund og Liva Notøy 26/82 Tiltak - hagestue/garasje - løyve til tiltak
DS 87/19	Glenn Lande 13/13 Tiltak utan ansvarsrett - balkong/nytt inngangsparti, garasje - løyve til tiltak

- DS 88/19 Tildeling av prikk i samband med manglande oppfølging av vilkår sett i vedtak
- DS 89/19 Svanhild Helde 40/13 - Løyve til frådelling

Referatsaker

- RS 6/19 Melding fra Fylkesmannen
- RS 7/19 Ekstraordinær generalforsamling i Tussa Kraft AS - 20. mars 2019
- RS 8/19 Tilsetjingssaker
- RS 9/19 Møteprotokoll 20.02.19
- RS 10/19 Referat frå møte om Mjølstadneset 19.02.2019
- RS 11/19 Referat frå informasjonsmøte om gravplassanalyse 11.02.2019

PS 29/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkallinga.

Desse sakene vert trekt frå saklista:

- Ordførarens kvarter
- Grunnkjøp Myrvåg

Til slutt i møte ei orientering om lokale til Politiet v/eigedomsavdelinga.

PS 30/19 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokoll frå forrige møte låg føre.

PS 31/19 ORDFØRARENS KVARTER

Møtebehandling:

Saka går ut.

PS 32/19 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitende.

PS 33/19 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitende.

PS 34/19 RETNINGSLINER FOR FRAMFØRING AV MEIRFORBRUK OG MINDREFORBRUK.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 21.03.2019

Kommunestyret vedtek at det som ei prøveordning for 2019 vert oppretta sektorvise disposisjonsfond der 60 % av eit eventuelt mindreforbruk i rekneskapsåret vert overført til sektoren sitt disposisjonsfond. Tilsvarande må sektorane dekkje 20 % av eit eventuelt meirforbruk påfølgjande budsjettår. I ei evalueringa i etterkant bør ein vurdere å auke prosentsatsane til høvesvis 80 % og 40 % for budsjettåret 2020.

Det vert elles vist til vurderingane i saksutgreiinga.

PS 35/19 KJØP AV BØVÅGEN-, KOPPERSTAD-, RUNDE-, SANDEBUKTA- OG SKORPA FISKERIHAMN

Møtebehandling:

Gerd Kopperstad (Ap) reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho eig eit naust på hamna på Kopperstad . Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.
Gerd Kopperstad vart kjende habil mot 1 røyst.

Kjell Runde (Folk/Sp) reiste sitt habilitetsspørsmål. Han eig eit naust på hamna på Runde. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.
Kjell Runde vart samrøystes kjend habil mot 1 røyst.

Kaja Runde (Folk/Sp) reiste sine habilitetsspørsmål. Ho eig eit naust på hamna på Runde. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.
Kaja Runde vart samrøystes kjend habil mot 1 røyst.

Epost av 19.03.2019 frå Kystverket vart delt ut.

Bjarne Kvalsvik (Folk/Sp) fremja tilrådinga frå maritim og teknisk komite:

«Herøy kommunestyre vedtek å kjøpe desse statlege fiskerihamnene til takst: Bøvågen, Kopperstad, Runde, Sandebukta og Skorpa fiskerihamn. Samla sum for hamnene er 1.950.000 kroner. I tillegg kjem tinglysingsgebyr.
Kjøpet vert finansiert av løyvinga til strategisk grunnkjøp, prosjekt 50153.»

Stig Arne Helsem Sævik (H) kom med slikt framlegg:

«Herøy kommune kjøper Runde fiskerihamn til takst.
Kjøpet vert finansiert av løyvinga til strategisk grunnkjøp, prosjekt 50153.»

Ole Brubakk (Krf) kom med slikt framlegg:
«Herøy kommunestyre vedtek å kjøpe desse statlege fiskerihamnene til takst:
Runde og Skorpa fiskerihamn.
Samla sum for hamnene er kr. 1.100.000,-. I tillegg kjem tinglysingsgebyr.
Kjøpet vert finansiert av løyvinga til strategisk grunnkjøp, prosjekt 50153.»

Det vart halde gruppemøte.

Punktvis røysting - kjøp pr. hamn:

Bøvågen –	kjøp vedteke med 17 mot 14 røyster
Kopperstad –	kjøp vedteke med 17 mot 14 røyster
Runde –	kjøp samrøystes vedteke
Sandebukta –	kjøp fall med 16 mot 15 røyster
Skorpa –	kjøp vedteke mot 1 røyst

Vedtak i Kommunestyret - 21.03.2019

Herøy kommunestyre vedtek å kjøpe desse statlege fiskerihamnene til takst:
Bøvågen, Kopperstad, Runde og Skorpa fiskerihamn.
Samla sum for hamnene er 1.650.000 kroner. I tillegg kjem tinglysingsgebyr.

Kjøpet vert finansiert av løyvinga til strategisk grunnkjøp, prosjekt 50153.

PS 36/19 SLUTTHANDSAMING: REGULERINGSENDRING FOR BERGSHAUGEN NORD (GBNR 28/6)

Møtebehandling:

Camilla Storøy reiste sitt habilitetsspørsmål. Far hennar er grunneigar i området og part i saka. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Camilla Storøy vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, Fvl §6a.

Planleggar Erlend Sporstøl Vikestrand møtte og orienterte i saka.

Svein Gjelseth (Ap) kom med slikt framlegg:

«Kommunestyret viser til gjeldande reguleringsplan og held seg til denne. Søknad frå tiltakshavar kan såleis ikkje imøtekomast.»

Bjarne Kvalsvik (Folk/Sp) kom med utsettingsframlegg.

Utsettingsframlegget vart vedteke mot 1 røyst.

Vedtak i Kommunestyret - 21.03.2019

Saka vert utsett.

PS 37/19 DETALJREGULERINGSPLAN FOR NÆRØYA - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Leiar utviklingsavdelinga Ole Magne Rotevatn møtte og orienterte i saka.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 21.03.2019

1. *Detaljreguleringsplan for Nærøy* med plankart datert 18.07.2018 og reguleringsføresegner datert 21.02.2019 blir vedteken.
2. Delar av *Detaljreguleringsplan - bustadområde på Nærøy*, planID 201275 som ny *detaljreguleringsplan for Nærøy*, får konsekvensar for, blir oppheva.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.

PS 38/19 ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKT 50017 - HURTIGLADAR FOR ELBIL I FOSNAVÅG PARKERINGSBUS

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 21.03.2019

1. Prosjektrekneskapan vert godkjent med eit totalforbruk på 268.575,- kr.
2. Det vert gjort slik budsjettendring:
Til: konto 02300, ansvar 5011, funksjon 301, prosjekt 50017 - kr. 268.575,-
Frå: konto 02300, ansvar 5011, funksjon 301, prosjekt 70008 (byutvikling) - kr. 268.575,-

PS 39/19 ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKT 18001 - TELENOR BASESTASJON PÅ RUNDE

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 21.03.2019

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

1. Prosjektrekneskapan vert godkjent med eit samla forbruk på 902.767,- kr.
2. Mindreforbruk på 97.233,- kr vert tilbakeført til unyttta lånemidlar.

PS 40/19 GRUNNKJØP STOKKSUND BUSTADFELT

Møtebehandling:

Leiar utviklingsavdelinga Ole Magne Rotevatn møtte og orienterte i saka.

Formannskapet si tilråding vart vedteken mot 10 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 21.03.2019

Kommunestyret godkjenner tilbodet frå Opplysningsvesenets fond (OVF) om å kjøpe heile området som vist på kartutsnittet for ein samla sum kr 4.100.000 for å legge til rette for utbygging av Stokksund bustadfelt i samsvar med budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022. I tillegg kjem dokumentavgift og tinglysingsgebyr.

Grunnkjøpet vert finansiert av løyvinga til strategisk grunnkjøp, prosjekt 50153.

PS 41/19 GRUNNKJØP MYRVÅG

Møtebehandling:

Saka vart trekt.

PS 42/19 INNKJØP AV SKULEBØKER OG LÆREMATERIELL

Møtebehandling:

Svein Gjelseth (Ap) kom med framlegg om slikt nytt siste avsnitt i formannskapet si tilråding:

«Herøy kommune skal gjennomføre lokal leverandørdialog og sikre god tilgang på naudsynt informasjon om kommunale innkjøp gjennom ein lokal anskaffelsesstrategi.»

Formannskapet si tilråding med endringsframlegget frå Svein Gjelseth vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 21.03.2019

Herøy kommune tiltrer ikkje «Rammeavtalen for skolebøker og læremateriell» frå og med den 15.04.2019.

Herøy kommune vil gjennomføre eigen konkurranse for dette for skuleåret 2019/2020. Herøy kommune vil også vurdere å køyre egne lokale konkurransar der det er hensiktsmessig.

Herøy kommune sin innkjøpsorganisering og innkjøpssamarbeid med Ålesund kommune held fram som i dag.

Herøy kommune skal gjennomføre lokal leverandørdialog og sikre god tilgang på naudsynt informasjon om kommunale innkjøp gjennom ein lokal anskaffelsesstrategi.

PS 43/19 BRUKARUNDERSØKING BARNEVERN 2018

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 21.03.2019

Brukarundersøkinga i barneverntenesta hausten 2018 vert teken til vitande

PS 44/19 BRUKARUNDERSØKING - TENESTE FOR BUSTADSOSIAL OG RUS 2018

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 21.03.2019

Herøy kommune tek resultata av undersøkinga til vitande

MØTET SLUTT!